



Malena Hjelmeland (16 månader) fant seg straks til rette i den nye barnehagen. Ho har før vore innom barnehagen i Herøysund. Mor Janne sit til høgre og førskulelærer Hilde Tungesvik til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag morgon kom dei første fem av 20 barn til Dønhaug Gardsbarnehage og det vara ikkje lenge før dei fann seg godt til rette samtidig med at foreldra kom med lovord om dette nye tilbodet. Den private barnehagen er utan tvil eit nytt, godt argument for å busetja seg i Uskedalen!

Bjørn Olav Tveit, som kom med Olve, sa det til dømes slik til uskedalen.no: - Dette verkar svært lovande. Barnehagen er funksjonell og personalet profesjonelt. Eg trur og det er ein fordel, spesielt for dei yngste, at barnehagen har så få barn. Og koblinga til natur, gard og dyr er midt i blinken.

Bjørn Olav har ein spesielt god grunn til å vera glad for den nye barnehagen. Han bur berre 200 meter unna og det siste året har han hatt Olve (no to år) i barnehagen i Omvikdalen. Det har ikkje vore direkte praktisk, når begge foreldra jobbar på Husnes!

Olves tilfelle er slett ikkje eineståande: Fleire av barna som har fått plass på Dønhaug kjem no "heim". Det gjeld til dømes to til av dei som kom måndag – dei var før i barnehagen i Herøysund.

Dei fire andre barna som kom måndag var Malena Hjelmeland (16 månader), Mathias Børve (3 år), Fredrik Haugland (2 år) og Gard Lunde (tre år).

Og fredag kjem det fire barn til

Styrrar Helene Huse Bjørnebøle hadde all grunn til å smila. Innspurten har vore svært hektisk, men ved opninga var alt på plass. Ho kunna roe seg ned ned og ta godt i mot barn og foreldre. Eller som ho formulerar det i velkomst-skrivet: - Det er viktig for oss at dåke som foreldre opplever at den første tida i barnehagen går bra. Dette vil danne grunnlag for at barnet ditt opplever at barnehagen er ein trygg stad å vera. Dei første dagane vil bli brukte til å gjera barnet ditt trygg på andre barn og personalet i barnehagen.

Ho og dei fire medarbeidarane hennar vil arbeida ut i frå Reggio Emilia-filosofien. Den kjem frå ein by i Nord-Italia og har vore godt kjent lenge i barnehagemiljøet over heile verda. I Dønhaug Gardsbarnehage vil ein finna

igjen filosofien i måten barnehagen er innreia på, i vaksenrolla og i barnesynet,

Det er lagt vekt på eit tiltrekkjande og funksjonelt innemiljø, der alt materiale står framme og er tilgjengeleg for barna når dei ønsker det. Det er fleire gode rom der dei kan halda på utan å bli forstyrra av andre. Personalet skal vera aktivt og undrande i lag med barna og barna sine interesser og behov skal bli vektlagt. Men barna kan ikkje alltid gjera som dei vil.

- Me skal ha fokus på barnet sine sterke sider, interesser og mogelegheiter. Kvar barn er ein ressurs og me skal bruka barna sine ulike tenkje- og handlingsmåtar til å læra saman. Me ser på barnet som eit kompetent, kreativt, forskande menneskje på stadig leiting etter ny læring og erfaring, held Helene fram.

Eit viktig satsingsområde for den nye barnehagen blir gards- og friluftsliv. Barna skal bli glad i dyr og natur. Difor vil dei ha dagleg kontakt med dyr (sauen Valdemar er allereie på plass!) og gå turar i naturen eller nærmiljøet. Dei vil også prøva å dyrka deira eigen mat.

Av Ola Matti Mathisen



Det er lagt stor vekt på eit tiltrekkjande og funksjonelt innemiljø i Dønhaug Gardsbarnehage. Barn, foreldre og ansatte fann seg godt til rette der allereie første dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)